



Arkivsaknr: 2026/1138-2
Sakshandsamar: Aud Gunn Løklingsholm
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Regionstrategi Sunnhordland 2040

Utval

Formannskap

Kommunestyret

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Tysnes kommune godkjenner Regionstrategi Sunnhordland 2040 slik han ligg føre.
2. Godkjenninga inneber at kommunen sluttar seg til strategien som felles politisk grunnlag for regionalt samarbeid, prioriteringar og påverknadsarbeid i Sunnhordland fram mot 2040.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn for saka

Det er utarbeidd felles saksutgreiing og framlegg til vedtak for alle kommunane i Sunnhordlandsrådet.

Sunnhordlandsrådet IPR godkjente Regionstrategi Sunnhordland 2040 i rådsmøte den 29. mai 2026. Dokumentet blir no lagt fram for politisk godkjenning i dei åtta eigarkommunane i Sunnhordland: Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Føremålet med saka er å sikre politisk forankring av den felles regionale strategien i alle eigarkommunane. Ved godkjenning i kommunestyra får strategien status som eit felles politisk grunnlag for vidare samarbeid, prioriteringar og påverknadsarbeid i Sunnhordland fram mot 2040.

Regionstrategi Sunnhordland 2040 er ein overordna utviklingsplan for regionen. Strategien skal vere eit felles verktøy for å vidareutvikle Sunnhordland, og skal skildre visjon, innsatsområde, mål og strategiar for utviklinga av regionen. Strategien skal fungere som ein regional samfunnsdel og henge saman med kommunane sine eigne planar.

Sunnhordlandsrådet består av dei åtte ordførarane i Sunnhordland, med to personlege varamedlem. Kommunedirektørane har møte- og talerett i Sunnhordlandsrådet.

Prosess

Følgjande arbeidsgruppa har leia ein grundig og god prosess, med å utarbeide den nye strategien:

Hogne Haugsdal, kommunedirektør Austevoll og leiar av arbeidsgruppa

Morten Helland, ordførar Bømlo og rådsordførar

Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør Bømlo

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordførar Etne

Sigbjørn Framnes, ordførar Stord

Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar Sunnhordlandsrådet

Arbeidsgruppa la fram forslag til medlemane av Sunnhordlandsrådet i eit felles arbeidsmøte den 5. mai kor alle fekk komme med sine synspunkt. Næringslivet fekk òg høve til å gje innspel før endeleg versjon vart handsama i Sunnhordlandsrådet den 29. mai 2026.

Proessen har hatt som mål å sikre brei politisk og administrativ forankring i regionen. Arbeidet har teke utgangspunkt i felles utfordringar og moglegheiter for eigarkommunane, og strategien er utforma som eit felles dokument for heile Sunnhordland.

Om strategien

Regionstrategi Sunnhordland 2040 legg til grunn at kommunane i regionen i aukande grad må arbeide saman for å møte framtidige utfordringar knytte til mellom anna næringsutvikling, kompetanse, samferdsle og attraktivitet. Strategien peikar på behovet for å utvikle Sunnhordland som ein meir samanhengande og konkurransedyktig region.

Sunnhordland har eit variert og framtidsretta næringsliv med tyngdepunkt innan mellom anna maritim industri, offshore og energi, havbruk, fiskeri, landbruk, teknologi,

entreprenørverksemd og prosessindustri. Regionen er internasjonalt orientert og har fleire leiande industrimiljø.

Samtidig peikar strategien på sentrale utfordringar fram mot 2040. Dette gjeld mellom anna demografisk utvikling, tilgang på arbeidskraft og kompetanse, behov for vidare næringsutvikling, attraktivitet, bulyst og behovet for betre samferdsle og infrastruktur som bind regionen tettare saman.

Visjonen i strategien er at Sunnhordland i 2040 skal vere ein attraktiv og berekraftig region som spelar saman, der kvar kommune og regionen samla opplever vekst og utvikling. Regionen skal vere eit kraftsenter for verdiskaping både regionalt og nasjonalt, og vere attraktiv for busetting, utdanning, arbeid og næringsetablering.

Hovudinnsatsområde

- **Arbeidsplassutvikling og næringsutvikling:** styrkje eksisterande næringsliv, leggje til rette for nye arbeidsplassar og vidareutvikle Sunnhordland som ein sterk verdiskapingsregion.
- **Kompetanse, utdanning og arbeidskraft:** sikre betre tilgang på relevant kompetanse og arbeidskraft, og styrkje koplinga mellom utdanning, næringsliv og offentleg sektor.
- **Binde regionen saman:** arbeide for betre samferdsle, infrastruktur, digitale løysingar og felles regional identitet.

Rolle og ansvar

Sunnhordlandsrådet IPR er det formelle samarbeidsorganet mellom kommunane i Sunnhordland og ein felles politisk arena for regional utvikling og strategiske spørsmål. Samarbeidet er organisert etter kapittel 18 i kommunelova. Føremålet med samarbeidet går fram av samarbeidsavtalen mellom dei åtte eigarkommunane.

I samarbeidsavtalen § 2 står det at Sunnhordlandsrådet IPR skal vere regionråd for eigarkommunane. Regionrådet skal:

- Vere ein felles arena for drøfting av dei regionale oppgåvene regionen skal ha fokus på.
- Ivareta oppgåver knytte til regional utvikling når det gjeld samhandling mellom kommunane og iverksetjing av felles tiltak.
- Innstille på felles løysingar til kommunestyra når det er behov for samordna løysingar i regionen.

- Ha fokus på utvikling av næringslivet i regionen, samferdsle og infrastruktur internt i regionen og inn til regionen, og tenester og oppgaver som det er naturleg at heile regionen arbeider samla med.
- Vedta bruk av regionrådet sitt budsjett etter retningslinjene som kommunestyra har vedteke.

Rådet skal bidra til å samle kommunane om felles prioriteringar og vere ei tydeleg stemme for regionen ut mot fylke, stat og andre aktørar. Strategien legg til grunn at Sunnhordlandsrådet IPR først og fremst skal ha ei strategisk og politisk rolle, medan gjennomføring av konkrete prosjekt og utviklingsarbeid i hovudsak skal skje gjennom kommunane, næringslivet, utviklingsselskap og andre relevante aktørar.

I oppfølginga av Regionstrategi Sunnhordland 2040 skal Sunnhordlandsrådet IPR ta ei aktiv rolle som regional pådrivar og politisk påverknadsorgan. Dette omfattar mellom anna arbeid for betre rammevilkår for næringslivet, strategisk samarbeid med næringsaktørar, kompetanseutvikling, tilgang på arbeidskraft, transport- og samferdsletilbod, regionale funksjonar og felles profilering av regionen.

Vurdering

Regionstrategi Sunnhordland 2040 gir eit felles politisk og strategisk grunnlag for utviklinga av Sunnhordland som region. Strategien samlar kommunane om nokre hovudutfordringar og prioriteringar som er større enn den enkelte kommune, og som krev samordna innsats over tid.

Det er ei styrke at strategien tek utgangspunkt i felles utfordringar knytte til demografi, arbeidskraft, kompetanse, næringsutvikling, attraktivitet og infrastruktur. Desse temaa er sentrale for alle kommunane i regionen, sjølv om dei kan slå ulikt ut lokalt.

Ei godkjenning av strategien inneber ikkje at kommunane overfører ansvar eller mynde til Sunnhordlandsrådet IPR, men at kommunane sluttar seg til ei felles regional retning og nokre felles prioriteringar. Strategien skal nyttast som grunnlag for vidare samarbeid, felles påverknadsarbeid og utarbeiding av fireårige planar og årlege handlingsplanar.

Strategien legg ikkje opp til å erstatte kommunane sine eigne planar og prioriteringar. Han skal derimot bidra til at dei kommunale planane og det regionale samarbeidet heng betre saman. Dette er særleg viktig i saker der kommunane står sterkare samla enn kvar for seg, til dømes samferdsle, kompetanse, utdanning, næringsutvikling, krafttilgang og regional politisk påverknad.

For den enkelte kommune vil strategien vere eit supplement til eigne planar og prioriteringar. Han kan bidra til å løfte saker som krev regional tyngde, og gje kommunane eit sterkare utgangspunkt i dialog med fylkeskommune, statlege styresmakter, næringsliv og andre samarbeidspartar.

Strategien byggjer på FN sine berekraftsmål, med særleg vekt på god helse og livskvalitet, god utdanning, anstendig arbeid og økonomisk vekst, industri, innovasjon og infrastruktur, berekraftige byar og lokalsamfunn og samarbeid for å nå måla.

Strategien har òg eit tydeleg samfunnsutviklingsperspektiv. Han legg vekt på arbeidsplassar, kompetanse, utdanning, infrastruktur, bulyst og livskvalitet som sentrale føresetnader for at Sunnhordland skal vere ein attraktiv region for både innbyggjarar, næringsliv og framtidige generasjonar.

Oppfølging av strategien

Regionstrategien skal følgjast opp gjennom ein fireårig plan og årlege handlingsplanar for Sunnhordlandsrådet IPR. Dette skal sikre at dei langsiktige måla blir omsette til konkrete prioriteringar, tiltak og politiske satsingar i kvar valperiode. Dei årlege handlingsplanane vil òg gje høve til å justere innsatsen i tråd med utviklinga i regionen.

Kommunedirektøren vurderer at Regionstrategi Sunnhordland 2040 er eit viktig styrings- og samarbeidsdokument for det vidare regionale arbeidet i Sunnhordland. Strategien gir ei felles retning for kommunane og eit tydeleg mandat for Sunnhordlandsrådet IPR si rolle som regional pådrivar og politisk påverknadsorgan.

Konklusjon

Regionstrategi Sunnhordland 2040 gir eigarkommunane eit felles strategisk grunnlag for regional utvikling fram mot 2040. Strategien peikar på sentrale innsatsområde der kommunane står sterkare samla enn kvar for seg, og gir Sunnhordlandsrådet IPR eit tydeleg mandat som regional pådrivar og politisk påverknadsorgan.

Kommunedirektøren vurderer at strategien er godt eigna som grunnlag for vidare samarbeid og tilrår at kommunestyret godkjenner Regionstrategi Sunnhordland 2040 slik han ligg føre.

Vedlegg

- 1 REGIONSTRATEGI SUNNHORDLAND 2040.pdf
- 2 Referat møte i Sunnhordlandsrådet 29.mai 2026.pdf